

FELLESSTYRET FOR ULLENSVANG STATSALLMENNING



Foto: Georg Gjøstein

ÅRSMELDING 2017

Odda, 19.3.2018

Eivind Tokheim

Steinar Langesæter

Synnøva Sæbø

John Helge Rasmussen

Ørjan Angell

Ragnar Ystanes

Innhald

Ullensvang statsallmenning	3
Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 2016-2019.....	3
Hardangervidda fjelloppsyn	3
Båtar	4
Villreinjakt	4
Småviltjakt	4
Fiske	4
Økonomi.....	5

Ullensvang statsallmenning

Ullensvang statsallmenning ligg i Ullensvang herad og Odda kommune, og er på 819 km². Delen av statsallmenningen som ligg i Ullensvang herad utgjer om lag 511 km².

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 2016-2019

Medlem:	Vara:
Eivind Tokheim (leiar)*	Bjørn Buer
Steinar Langesæter (nestleiar)**	Jørund Kvestad
John Helge Rasmussen	Jarle Vangen
Ørjan Angell	Mariann Nordstoga Berge
Ragnar Ystanes	Jan Asbjørn Utne
Synnøva Sæbø	Kari Herstad
* Leiar i åra 2016 og 2018. ** Leiar i åra 2017 og 2019	

Fellesstyret hadde to møte i 2017. Det blei handsama 17 saker.

Av saker Fellesstyret handsama var:

- Ordninga med garnkort for utanbygdsbuande blei vidareført frå tidlegare år, med nokre endringar. Det blei opna for å selja inntil 20 vekeskort i perioden 1. juli til 15. august. 10 blei handsama av Ullensvang fjellstyre, og 10 av Odda fjellstyre. Prisen var 500,- per kort. Kortet gjaldt for fylgjande vatn: Grøndalsvatni, Midtra og Nedsta Krokavatn, Nedsta og Øvsta Bjørnavatn og Kvennsjøen.
- Det blei gjort ei endring i godkjende teltplassar i reinsjakta frå tidlegare år. Midtra Krokavatnet blei teke ut av lista, og godkjende teltplassar var: Hansbu før bekken, Hansbu v/naustet, Litlos, Belebotn, Nybu v/Håvardsvatn, Øvsta Krokavasshadlet, Holmavatnet, Hovlandsstølen, Ysteinsbu, Raudåna, Belebu, Bjørnavassbu, Kortmark, Persbu, nordsida av Midtra Grøndalsvatet ved lavvoen til Ullensvang fjellstyre, ved Torehytta, ved Tyssevassbu og ved Odda fjellstyre si hytte ved Langavatn.
- Fellesstyret har gitt uttale til Statskog i fire grunn disponeringssaker.

Hardangervidda fjelloppsyn

Hardangervidda fjelloppsyn (HF) er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda. Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning leiger sekretærtjenester frå HF. Sekretærtjenestene har blitt utført av Steinar Lund.

Båtar

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning har fem båtar liggjande ved ulike vatn i statsallmenningen. Det ligg båt på fylgjande vatn: Tuevotni, Valgardsvotni, Ambjørghvatnet, Kvennsjøen ved Litlos og Grøndalsvotni.

Villreinjakt

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning gjer vedtak som gjeld reinsjakta på Ullensvang statsallmenning (vald HA 281 og HA 282). Jakttida blei vedteke å vara i heile jaktidsperioden (20. august til og med 30. september). Det blei vedteke nattefreding frå kl. 1900 til kl. 0700. Det blei ikkje inngått avtale om samjakt med andre vald. Jegerar med kort på Ullensvang statsallmenning kunne danne jaktlag på inntil fem medlemmer. Fredingssonene som blei innført for ein femårsperiode frå 2013 blei haldt uendra i 2017.

Skrantesjuka (CWD) blei påvist på villrein i Nordfjella i 2016. Skrantesjuka er ein smittsam hjernesjukdom med dødeleg utfall, som ikkje tidlegare er påvist i Europa. For å undersøke om sjukdomen også finns i andre villreinområde blei jegerane pålagt å ta hjerneprøve frå alle felte vaksne dyr. Det blei ikkje påvist skrantesjuka på Hardangervidda i 2017. Prøvetaking vil truleg halda fram i fleire år.

Fellingsløyva for villreinjakt på Ullensvang statsallmenning er delt mellom Odda fjellstyre og Ullensvang fjellstyre. Odda fjellstyre får 1/3 av fellingsløyva, og Ullensvang fjellstyre får 2/3. For meir info om fellingsstatistikk og anna om villreinjakta blir det vist til årsmeldinga for det einskilde fjellstyret.

Småviltjakt

Fellesstyret vedtok å freda rypa i jaktseongane 2016-17 og 2017-18. Jakt på andre artar småvilt har lite omfang på Ullensvang statsallmenning, og det blei difor ikkje selt småviltkort i 2017.

Fiske

Fellesstyret sel garn- og stongfiskekort for fiske i Ullensvang statsallmenning. Stongfiskekort blir selt på utsalsstadar i Ullensvang og Odda og på nettløysinga Inatur. Garnfiske blir berre selt på utsalsstadane. Det blir også selt eit fellesfiskekort for dei fire statsallmenningane Røldal, Ullensvang, Eidfjord og Ulvik på Inatur og utsalsstadane.

Det er registrert totalt 674 kjøp av fiskekort på salssidene på Inatur – 536 kjøp av fellesfiskekortet, og 138 kjøp av fiskekort som berre gjeld på Ullensvang statsallmenning. Til samanlikning blei det i 2016 seld 486 fellesfiskekort og 106 Ullensvang-kort på Inatur. På utsalsstadane blei det seld 59 stongfiskekort, dei aller fleste (41) på Litlos turisthytte. Det blei seld 42 vekeskort og 66 sesongkort for garnfiske. Rekneskapen viser ein omsetnad for stongfiskekort på 58.811,- (58.889,-) og garnfiskekort på 24.282,- (26.790,-) (tal frå 2016 i parantes).

Økonomi

Fellesstyret hadde i 2017 ein omsetnad på 135.553,17,-. Utgiftene var på 123.146,59,-. Dette gir eit overskot etter renteinntekter på 12.582,58,-.